



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/14058-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.04.2019

Klage – Dispensasjon og løyve til oppføring av bustad – Fv. 390 – gnr. 179 bnr. 9 – Leivestad nordre – Lindås kommune

Vi syner til vedtak mottatt 25.03.2019, med orientering om vedtak.

Statens vegvesen klagar med dette på vedtak om dispensasjon frå arealføremålet for å oppføre bustad og parkeringsareal på gnr. 179 bnr. 9 i Lindås kommune.

Kva saka gjeld:

Lindås kommune har gjeve dispensasjon for å oppføre bustad i eit område som er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås.

Løyve gjeld oppføring av bustad etter brann, samt dispensasjon frå byggjegrænse langs veg for bustadhus og parkering.

Grunngjeving av klage:

Saksbehandlingsfeil:

I saker som gjeld dispensasjon frå byggjegrænse langs veg er Statens vegvesen berørt både som grunneigar og forvaltar av vegnettet.

Kommunen har vedtatt dispensasjonssøknad utan å sende saka på høyring hos berørte partar slik dei skal jf. plan- og bygningslova §19-1.

Vurdering av saksgangen:

Vi fekk tilsendt søknad om dispensasjon frå byggjegrænse og nabovarsel for tiltaket høvesvis 18.01.19 og 30.01.2019 direkte frå søker. Vi sendte brev til søkjar med opplysning om at det er kommunen som skal behandle søknad om dispensasjon frå byggjegrænse og vi hadde merknad til saka. Vi ville uttale oss nærare når vi fekk saka betre opplyst og tilsendt på høyring

frå kommunen. Dette brevet og merknad til nabovarsel vart sendt til søkjar i brev datert 01.02.2019.

I saksopplysningane til kommunen kjem det fram at det ikkje føreligg nabomerknad. Det er vidare opplyst at saka ikkje er sendt på høyring, men at berørte parter får skal få saka tilsendt til klagevurdering. Statens vegvesen sitt brev til søkjar er ikkje nemnd.

Vi hadde merknad til nabovarselet og hadde saka kome på høyring slik den skal, kunne vi kome med våre merknader til saka på eit tidlegare tidspunkt. Dette meiner vi er feil praksis og unødig bruk av tid og offentlege ressursar.

Vurdering av avkøyrsløve:

Vi er usikre kor vidt denne eigedomen har eit godkjent avkøyrsløve. Vi spurte om dette i vårt brev til søkjar 01.02.2019. I følgje våre opplysningar var denne eigedomen tidlegare registrert som butikk. Dersom det er søkt bruksendring og slikt løve er gitt, er det likevel søkjer si plikt å vedlikehalde avkøyrsla etter dei til ein kvar tid gjeldande krav jf. veglova §43. Vi meiner og at når det vert gitt løve til utleigeining så krev dette eit nytt løve om utvida bruk av avkøyrsløve etter veglova §§40–43.

I dette tilfellet har søkjar lagt ved situasjonsplan som viser ei sikt på 4x20 meter i avkøyrsla. Dette er langt under dei krav vi stiller i områder der fartsgrensa er 80 km/t. Sjølv om vi legg til grunn at fartsnivået kan vere lågare enn skilta fart, meiner vi at siktkravet som er lagt til grunn er langt i frå tilstrekkeleg, og kan ikkje ligge til grunn for eit vedtak. Det er ikkje vist til annan utforming av avkøyrsla, som til dømes svingradius. Svingradius er naudsynt for å oppnå ei plassering i avkøyrsla når ein skal ut på vegen, for å oppnå gode siktforhold. Når kommunen bruker søkjer sin skisse som grunnlag for sitt vedtak, gjev det avkøyrsla ein lovleg bruk og utforming som det ikkje er grunnlag for.

Byggjegrænse:

Byggjegrænse langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen. Byggjegrænse gjeld for alle tiltak, så som murar, utspregde og utgravne rom og andre større innretningar. Fast parkering innanfor byggjegrænse er søknadspliktig.

Ved oppattbygging av bustader etter brann gjeld byggjegrænse langs veg fullt ut jf. veglova § 35, og oppattbygging kan berre gjennomførast i samsvar med dei byggjegrænser som gjeld. I dette tilfellet er byggjegrænse 15 meter, jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås *1. Generelle føresegner og retningslinjer. Pkt. 1.6.*

Bustadhuset er plassert 10,4 meter frå vegmidte. Vi gav tilbakemelding i vår uttale til søkjar at dette er ein avstand frå vegen som vi normalt ikkje aksepterer, og at bustadhuset bør trekkast lenger unna vegmidte. Tidlegare var byggjegrænse langs vegen mindre, og dette kan ha vore tilfellet når bygget vart oppført. Det er no større fokus på ulempene det medfører å bu langs veg. Ein er meir oppmerksam på at der til dømes er større fare for at barn kan kome

uforvarande ut i vegen til dømes på sykkel, dersom avstanden er liten. Dette forholdet ikkje drøfta i dispensasjonssaka.

Det er vidare gitt løyve til å etablere parkering langs vegen. Løyvet er grunngjeve med at parkering ikkje er til hinder for sikta i avkøyrsla.

Vi meiner dette ikkje er ei tilstrekkeleg grunngjeving. Vi ser tydeleg at det har vore ei utvikling på tomta dei seinare åra når det gjeld arealet langs vegen. Området er planert ut til vegbana, der det vert lagra diverse utstyr mm. Så vidt vi kan bedømme går arealet ut over vegskulder og grøft til vegsystemet.

Vi vil peike på at ein skal ta omsyn både til nabogrense og tryggleiksavstand til vegen. Dette er særleg viktig i dette tilfellet, då arealet ligg i ei ytterkurve. Det skal ikkje lagrast eller oppstillast farlege sidehindre i tryggleikssona. Gjenstandar plassert her kan føre til skade ved ei eventuell utforkøyring. Det er også viktig at grøfteareal langs vegen vert halde ope, for å sikre ei god drenering i området. Fast parkering må løysast på ein anna måte og trekkast lenger vekk frå vegen i ei fast linje.

Konklusjon:

Statens vegvesen klagar med dette på vedtaket.

Vi ber om at Lindås kommune sitt dispensasjonsvedtak vert oppheva.

Vi ber om at det vert stilt krav om at avkøyrsla skal vere opparbeidd i samsvar med våre krav med omsyn på mellom anna sikt, helling og svingradius.

Vi ber om at parkeringsareal vert trekt unna vegen i ein avstand på minst 5 meter.

Det må stillast krav til at det skal opparbeidast ei tydeleg avgrensing mellom parkeringsarealet og vegbana. Denne bør opparbeidast til dømes i betong.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Arkoconsult AS, Postboks 103, 5291 VALESTRANDSFOSSEN